

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA - S05, TI - &01	14/630

Saknr	Utval	Type	Dato
100/2014	Formannskapet	PS	20.10.2014
	Kommunestyret	PS	

## Konsesjonskraftavtale

### Vedlegg:

Kontrakt Skannet kopi

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Formannskapet ber ordførar og rådmann å forhandle fram ein avtale som inneber prising av all konsesjonsuttak til OED pris, og eit prisregime, basert på konsesjonar gitt etter 10. april 1959. Under føresetnad av endring av del II, § 2.2 i kontrakt mellom BKK produksjon AS og Masfjorden kommune, vert kontrakt godkjent.**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Formalisering av kontrakt mellom konsesjonær og kommunen for kommunen sine rettar kring uttak av konsesjonskraft.

#### Vurdering

Føremålet med kontrakten er å regulere rettar og plikter i samband med Konsesjonærrens levering av konsesjonskraft til Kommunen innafor dei rammer som eksisterande lovgiving, myndighetspålegg og relevante konsesjonar set. Avtaleutkastet byggjer på tilrådd mal utarbeidd av LVK.

Viser til del II, § 2.2 og har prøvd å få BKK til å justere denne i tråd med munneg avtale med BKK om felles prising av all konsesjonskraft med referanse til kostpris konsesjonar gitt etter 10. april 1959. Ein har førebels ikkje kome i hamn med dette, og legg difor saka fram for politisk støtte for å køyre den saka til endeleg avgjerd. BKK produksjon meiner avtalen er i tråd med eksisterande avtalar og praksis. Inntil vi når eit volum som tilsvavar 38,6 GWh eller meir i alminneleg elforsyning i kommunen , har ikkje dette punktet noko konsekvens. Vi har hatt gradvis stigning i forbruket, og nærmar oss dette volumet, og då greitt med ein kontrakt som sikrar prising av konsesjonskraft til OED pris.

#### Fakta

Viser til kontraktsframlegget –

For konsesjonskraft som refererer seg til konsesjonar gitt etter 10. april 1959, er partane samde om å leggje til grunn som kontraktspris den til eikvar tid gjeldande pris på konsesjonskraft som vert fastsett av vedkomande departement for det aktuelle år/OED. Partane, kommunen og BKK, har ulikt syn på kostpris som gjeld konsesjonar er gitt før 10. april 1959. I drøftinga med leiinga i BKK har vi fått stadfesta at all kostpris konsesjonskraft skal prisast som konsesjonar gitt etter 10. april, og ikkje 2 prissystem som denne kontrakten inneber. Utover del II, § 2 er framlegg til kontrakt utarbeidd av BKK dekkande.

### **Konklusjon**

Framlegg til kontrakt mellom BKK produksjon AS og Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, unnteket del II, § 2.2. Formannskapet ber ordførar og rådmann å forhandle fram ein avtale som inneberprising av all konsesjonsuttak til OED pris, og eit prisregime, basert på konsesjonar gitt etter 10. april.

### **Formannskapet - 100/2014**

#### **FS - behandling:**

Frode Langhelle var ugild i saka og forlet møte.

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

#### **Røysting:**

Framlegg frå rådmannen vart samråystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

**Formannskapet ber ordførar og rådmann å forhandle fram ein avtale som inneber prising av all konsesjonsuttak til OED pris, og eit prisregime, basert på konsesjonar gitt etter 10. april 1959. Under føresetnad av endring av del II, § 2.2 i kontrakt mellom BKK produksjon AS og Masfjorden kommune, vert kontrakt godkjent.**